

Rotary kulturprisvinnar

1992

Brattvåg svømmeklubb



Brattvåg Svømmeklubb får Brattvåg Rotary sin kulturpris for 1992 på kr.7500,00 Prisen får dei for sin aktivitet og engasjerande arbeid både mellom born og voksne

I Rotary si grunngjeving for at Brattvåg Svømmeklubb får prisen, heiter det mellom anna: Styret i Rotary gir i år prisen til Brattvåg Svømmeklubb, som gjennom mange år har drive eit fantastisk godt arbeid. Dette har ikkje berre gått på å lære opp både unge og eldre i å symje, nei, dei har også drive det så langt at dei har symjarar som hevdar seg godt både på nasjonalt og internasjonalt nivå. Brattvåg Rotary ser det som eit føredøme for oss alle å få fram det beste i ungdomen. Svømmeklubben gjer ein fantastisk innsats for å gi dei unge i kommunen eit tilbod som både engasjerar og aktiviserar.

Utdelinga vart markert med ei tilstelling på Våghall. Premiar og medaljer i hopetal stod utstilt på scenekanten, men sjølv om det såg frykteleg mykje ut, var det berre ein liten del av det totale..

Brattvåg Songarlag song for symjarane og Eldar Lind Dragesund fortalte om historia til klubben. Svømmeklubben vart stifta i 1969, men det er i dei seinare åra at den for alvor har markert seg med mange flotte prestasjonar. Talet på medaljar dei unge symjarane har fått er

imponerande. Berre det siste året har dei teke tilsaman 670 medaljer, 442 gull, 162 sølv og 66 bronsemedaljer og mange av desse på lands- og fylkesnivå.

Klubbmeister i Brattvåg Rotary, Jostein Skjelten, stod for prisutdelinga. Prisen går til Brattvåg. Svømmeklubb for det fantastiske arbeidet dei har lagt ned, ikkje berre for å lære folk å symje, men også for det høge nivået dei har fått symjarane på. Svømmeklubben har vunne bifall både hjå politikkarane, kommuneadministrasjonen og folk elles. Formannen Inger Kristin Sønderland Bjerkestrand tok imot prisen og takka på 100 aktive og støttemedlemmar sine vegne. Formannen i svømmekretsen, Leif O. Westerheim syntes Brattvåg Rotary hadde gjort eit perfekt val.

Brattvåg Songarlag underheld med kjende viser og songar. Geir Kr. Breivik med vise laga for situasjonen. Bjørn Andersen, Birger Neergård og Hans Vestre Huse med musikk av W. Telemann og W.A. Mozart.

Ein kulturveld var det, men vi kan like gjerne kalle det ein festkveld.